



Nordhordland Husflidslag

v/ Arild Hagenes

Postboks 42, 5931 Manger

Radøy Kommune

v/ Bente Kopperdal Hervik

Dykkar referanse: 19/384-19/11478

Viser til brev, datert 31.07.2018, der ein kan søkja om ekstra tilskot.

Nordhordland Husflidslag søkjer med dette midlar , i størrelsesorden kr.200 000.-

Sidan laget vart starta i 1974, har me ikkje hatt eige hus.

Me har stor aktivitet innan kurs og ynskjer å stå sterkare med tanke på barn og ungdom. Me ynskjer og å kunne tilby aktivitetar til våre nye landsmenn og kvinner.

Eit av satsingsområda til Norges Husflidslag er Ung Husflid, der ein fokuserer på handboren kunnskap. Det siste satsingsområdet er Holdbart-med tanke på redesign og reparasjon av klede.

For at laget skal kunne tilby ein plass å være, treng me sårt eit eigna lokale. Me har sondert området i og rundt Knarvik med tanke på at dette er og blir ei sentral plassering i den nye Alver Kommune. Dessverre er marknadsprisen for å leige i Knarvik for høg for ein frivillig organisasjon. Om me finn eit lokale på Radøy eller andre stader som er eigna til vårt bruk må me vurdere sterkt å gå inn for å kjøpa.

I dag leiger Husflidslaget lokale i Dale Grendahus og me har aktivitet i gamle prestegarden på Manger. På Dale har me vevkurser våre og har hatt dei der sidan 1997 og til dags dato. Broderniemnda har aktivitet i gamle prestegarden på Manger sidan 2009. Me har og aktivitet i leigde lokale i Hillesvåg.

Budsjett for eit slikt huskjøp er svært vanskeleg å setje opp, og me tenkjer at eit sum på 200 000.- er svært liten hvis det er tale om marknadspris. Om det skulle vise seg at ein finn eit rimeleg lokale, vil ein nok bruke store summar på oppgradering og vedlikehald.

Budsjett:

Kjøp av lokale: 50 000.-

Oppgradering av lokale: 150 000.-

Nordhordland Husflidslag har i alle år hatt eit godt samarbeid med Radøy Kommune og ynskjer å ha eit godt samarbeid med den nye Alver Kommune. Men då treng me ein stad å være!

Manger, 30.8.2019

Arild Hagenes

leiar, Nordhordland Husflidslag